

ÅRSMØTE 2022

STORD KULTURHUS 07.02.2022



**Stord
Arbeidarparti**

Sakliste:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling**
- Sak 2 Godkjenning av saklista**
- Sak 3 Val av dirigent, referent, teljekorps**
- Sak 4 Val av protokollunderskrivarar**
- Sak 5 Årsmeldingar**
- Sak 6 Rekneskap 2021**
- Sak 7 Innkomne saker**
- Sak 8 Budsjett 2022**
- Sak 9 Val**

Før ein startar på sakslista vert det politisk innleiing frå olje- og energiminister Marte Mjøs Persen.

Sak 3: Val av dirigent, referent, teljekorps

Styret har følgjande forslag:

Dirigent: Gaute Straume Epland

Referent: Hans Martin Haavik

Teljekorps vert føreslått i møte.

Sak 4: Val av protokollunderskrivarar

Vert føreslått i møte.

Sak 5: Årsmeldingar

Årsmelding for 2021 frå styret i Stord Arbeidarparti

Styret:

Leiar: Per Jarle Kosior Valvatne
Nestleiar: Britt Nelly Hystad Barane
Kasserar: Tarjei Aamot Haga
Sekretær: Hans Martin Storedale Haavik
Kvinnekontakt: Ellen Salomonsen
Styremedlem: Gaute Straume Epland
Styremedlem: Elisabeth Engelsen

Varamedlem: Tore Hatlevik
Varamedlem: Beate Andersen
Varamedlem: Per Jan Ingebrigtsen
Varamedlem: Inger Johanne Moe

Medlemssituasjon:

I 2021 var det 208 medlemmar.

Økonomi:

Rekneskapen viser at Stord Arbeidarparti har god og trygg økonomi.

Styremøte:

Styret har hatt 4 møter i 2021, desse har hovudsakleg vore avhaldne digitalt. I juni var det eit fysisk møte på Folkets Hus, der styret og kommunestyregruppa var samla til sommaravslutning. Styret har i tillegg halde tett kontakt via e-post. Styret har handsama 16 saker. I tillegg kjem referatsaker, meldingar og saker under posten ymse.

Representantar i kommunestyret i 2021:

Gaute Straume Epland, Katrin Innvær Ankervold (frå juni 2021), Bente Bjelland (frå oktober 2021), Edgar Inge Damås, Sigurd Sævareid, Britt Nelly Hystad Barane, Marit Tislevoll Odland, Tarjei Aamot Haga, Tore Hatlevik, Susan Abdallah og Trude Aamot.

Politisk arbeid:

Koronapandemien prega styret sitt arbeid også i 2021. Det kvinnepolitiske arbeidet, medlemsverving, medlemsmøte, samferdsel og arbeidet i formannskap og kommunestyret har blant anna vore saker som har vore drøfta på dei fleste styremøta.

Organisatorisk arbeid og kontakt med Vestland Arbeidarparti, lokallaga i Sunnhordland i tillegg til Arbeiderpartiet sentralt er ein fast del av styret sitt arbeid. Tarjei Aamot Haga har teke hand om Facebook-sida til Stord Ap.

Valkampen:

Valkampen i 2021 vart noko annaleis enn kva han brukar å vere. Fyrste del av valkampen, før fellesferien var sterkt prega av alle smittevernsrestriksjonane. Dette medførte blant anna at ein ikkje kunne gjennomføre vanlege standsaksjonar og heller ikkje husvitjingar. Etter kvart som restriksjonane vart letta på så normaliserte valkamparbeidet seg. Stord Ap gjennomførte postkasseaksjon i april/mai. Det vart delt ut ca 1500 flygeblad i denne aksjonen. Me hadde vitjing frå nestleiar Bjørnar Skjæran og fylkesleiar og fyrstekandidat Marte Mjøs Persen 28. og 29. juni. 28. juni vart det gjennomført møte mellom Bjørnar Skjæran og partilaga i Sunnhordland. 29. juni var det eit innhaldsrikt program der me også hadde med andre kandidat Odd Harald Hovland. Det vart gjennomført stand alle laurdagar frå 14.august og fram til valdagen. Det vart gjennomført stand på KIWI i Sagvåg, på Heiane Storsenter, på Torget på Leirvik og på AMFI Stord. Stord Ap deltok også på politisk «kickoff» saman med dei andre parti på raudgrøn side. Her var Ap representert med Marte Mjøs Persen. Dette var eit arrangement i regi av LO Sunnhordland.

I tillegg til desse aktivitetane så var leiar og Tarjei Aamot Haga (SOME-ansvarleg) med på mange møter med valkamputvalet samt at ein hadde eit særleg ansvar for å følge opp Odd Harald Hovland sin valkamp lokalt.

Sunnhordland AUF:

Det har vore liten aktivitet i Sunnhordland AUF i 2021.

Tiårs markering for 22 juli:

Stord Ap tok ansvaret for ei lokal markering av tiårsdagen for 22. juli. Dette vart eit særskilt arrangement med gratis framsyning av filmen «22. juli» for deretter å ha appellar frå ordførar Gaute Epland, prest i den Norske Kyrkja Reidar Ådnanes og AUF Vestland ved Helena Haldorsen ute ved Storddøra. Det var i tillegg musikk av bandet Goldlog. Det møtte fram ca 250 personar. Attendemeldingane var at dette hadde vore ei flott og verdig markering. Ansvaret for dette arrangement var lagt til Britt Nelly Hystad Barane og Tarjei Aamot Haga.

Medlemsmøte og medlemsverving:

Det har vore avhalde 2 medlemsmøte i tillegg til årsmøte i 2021, samt eit digitalt møte på Teams med nestleiar Bjørnar Skjæran. Koronasituasjonen gjorde at ein måtte halde eit lavt aktivitetsnivå i 2021. Styret har sett seg nøydd til å avlyse fleire medlemsmøte i løpet av året som ikkje har latt seg gjennomføre grunna smittesituasjonen lokalt. Ved stortingsvalet i september arrangerte Stord Ap valvake på Osvald Pub med godt oppmøte. Medlemstalet er stabilt.

Fagleg-politisk utval:

Utsendingar har vore Tarjei Aamot Haga og Per Jarle Kosior Valvatne.

Representasjon Stortinget:

Magne Rommetveit fram til hausten 2021. Frå hausten 2021 er vår mann på tinget Odd Harald Hovland.

Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti:

Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti vart avvikla på Teams. Delegasjonen frå Stord Ap var samla på Folkets Hus.

Representantskapet i Vestland Arbeidarparti:

Gaute Epland, Per Jarle Valvatne og Britt Nelly Hystad Barane var Stord Arbeidarparti sine representantar. Det har vore 1 digitalt møte + 1 fysisk møte i Sogndal 30-31.10.21, der Tarjei Aamot Haga, Per Jarle Kosior Valvatne og Britt Nelly Hystad Barane møtte for Stord Ap.

Vestland Arbeidarparti:

Tarjei Aamot Haga sit i kontrollutvalet.

A-utvalet i Sunnhordland:

Gaute Epland og Per Jarle Valvatne var valt til å representere Stord Arbeidarparti.

Fylkestinget:

Per Jarle Valvatne er vår representant i Vestland fylkesting og som medlem i Hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Per Jarle Kosior Valvatne
Leiar Stord Ap

Hans Martin Storedale Haavik
Sekretær Stord Ap

KOMMUNESTYRET**ÅRSMELDING 2021****Ap sine faste representantar i kommunestyret i 2021:**

Gaute Straume Epland
Katrín I. Ankervold (tilbake i Ap frå juni 2021)
Tarjei Aamot Haga
Marit Tislevoll Odland
Edgar Inge Damås
Susan Abdallah
Britt Nelly Hystad Barane
Bente Bjelland (tilbake i Ap frå oktober 2021)
Tore Hatlevik
Sigurd Sævareid
Trude Aamot

Kommunestyret handsama i 2021 64 politiske saker og hadde 41 referatsaker.

18. februar (Fjernmøte via Teams)

PS 1: Oppstart og utlegging av planprogram til høyring - Revidering av kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita og plan
PS 2: Delegasjon av avgjerdsmynde frå Kommunestyret til andre folkevalde organ og rådmannen

25. mars

PS 3: Byromsstrategi Leirvik sentrum
PS 4: DigiVestland - samarbeid om digitalisering i Vestland
PS 5: Vedtak om satsar tilskot til private barnehagar 2021
PS 6: Finansiering møteplass ved kulturhuset

29. april (Fjernmøte via Teams)

PS 7: Overføring unytta løyving, endring investeringsbudsjett 2021
PS 8: EIGEDOMSSKATT - VURDERING AV ULIKE ALTERNATIV FOR TAKSERING 2022
PS 9: Reglement for Stord kommune si kunstordning
PS 10: Revidering av eigarskapsmelding 2020-2021

27. mai (Fjernmøte via Teams)

PS 11: Vedtak av planprogram for Kommunedelplan for overvatn i Stord kommune
PS 12: Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet
PS 13: Forum for oppvekst i Sunnhordland – Forvaltningsrevisjonsrapport
PS 14: Kontrollutvalet - årsmelding 2020
PS 15: Uttreden av politisk verv ut valperioden 2019-2023 - Nina Østensjø (H)
PS 16: Forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune

22. juni

PS 17: Budsjettrevisjon 1 tertial 2021, Vatn og avlaup, investeringar, gebyrinntekter, handlingsplan
PS 18: Budsjettrevisjon 1 tertial 2021
PS 19: Årsrekneskap og årsmelding 2020 Stord kommune
PS 20: Årsrekneskap 2020 - Stord hamnestell
PS 21: Strategisk hamneplan Stord kommune 2021-2030
PS 22: Tilstandsrapport for einingane i oppvekst og kultur i Stord 2020/2021
PS 23: BYGGJEREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKTET DAGAKTIVITETSSENTER SÆBØ GARD
PS 24: Geopark Sunnhordland - søknad om driftsmidlar
PS 25: Lokal forskrift om bandtvang

30. september

PS 26: Planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
PS 27: Skeisebana på Vikahaugane: Forprosjekt for tak over anlegget
PS 28: Detaljregulering for gnr/bnr 40/5, Verftsområdet - 2.gongshandsaming
PS 29: TYSE 21 GNR. 22/164 -SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ BUSTAD JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7A
PS 30: BYGGJEREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT – 1509 PRESTAGARDSSKOGEN NYTT KUNSTGRASDEKKE
PS 31: Endring i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)
PS 32: Rogaland Revisjon IKS - Vurdering om Stord kommune skal gå inn som eigar
PS 33: Søknad om å delta i lokaldemokratiprojekt
PS 34: Fritak/Permisjon frå politisk verv i tida 30.09.21 til 30.09.22 - Britt Kristin Naustdal Ladehaug
PS 35: Fritak frå politisk verv i konfliktrådet ut valperioden
PS 36: Sunnhordland lufthavn AS - val av styrerepresentant
PS 37: Vedtak av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita

26. oktober

PS 37: Budsjettrevisjon 2 tertial 2021
PS 38: Kartlegging av konsekvensar av smitteverntiltaka i Stord kommune
PS 39: Tilstandsrapport om dagens kunstgrasbanar med granulat
PS 40: Oppstart av arbeid med klimabudsjett
PS 41: Utvida bruk av KommuneTV
PS 42: Val av ny leiar i forliksrådet ut valperioden
PS 43: Fritak frå politiske verv ut valperioden 2023 - Arnfinn Saue
PS 44: TYSE 21 GNR. 22/164 -SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ BUSTAD JF. EIGEDOMSSKATTELOVA § 7A

25. november (Fjernmøte via Teams)

PS 45: Årsbudsjett 2022, økonomiplan 2022 -2025 Stord hamnestell
PS 46: Årsbudsjett 2022, økonomiplan 2022-2025 vassforsyning og avlaup
PS 47: Årsbudsjett 2022, økonomiplan 2022-2025
PS 48: Detaljregulering gnr/bnr 43/187 m.fl., Langeland skule - 2.gongshandsaming
PS 49: Overtaking av Holevegen som offentleg drifta kommunal veg
PS 50: GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FRILUFTSRÅDET VEST OG MEDLEMSKOMMUNANE ETTER NY KOMMUNELOV

PS 51: Vedtak Samarbeidsavtale - Prosjekt Klimasats - Partnerskap for klimaleiing
PS 52: Digitalisering i Stordskulen
PS 53: Søknad om fritak frå verv i kontrollutvalet
PS 54: Uttreden av politiske verv ut valperioden 2019-2023
PS 55: Uttreden av politiske verv ut valperioden 2019-2023

20. desember (Fjernmøte via Teams)

PS 56: Kommunedelplan for Sagvåg- og Litlabøområdet
PS 57: Detaljbudsjett formannskap 2022, Økonomiplan 2022-2025
PS 58: Detaljbudsjett utval for oppvekst og kultur 2022, Økonomiplan 2022-2025
PS 59: Detaljbudsjett utval for rehabilitering, helse og omsorg, Økonomiplan 2022-2025
PS 60: EIGEDOMSSKATT - VURDERING AV ULIKE ALTERNATIV FOR TAKSERING
PS 61: Mogeleg kjøp av aksjar i Haugaland Kraft AS
PS 62: Endring i selskapsavtalen for Krisesenter vest IKS
PS 63: Nye medlemar Stord ungdomsråd 2022-2024
PS 64: Skjerpa reinsekrav etter avlaupsdirektivet - status, konsekvensar, handtering

Kommunestyregruppa talde i byrjinga av 2021 ni representantar etter to utmeldingar i 2020. I løpet av 2021 melde først Katrin Ankervold, deretter Bente Bjelland seg inn igjen i partiet, og vart dermed også ein del av kommunestyregruppa igjen. Dermed fekk også koalisjonen tilbake fleirtalet i kommunestyret.

2021 vart eit nytt spesielt år for kommunestyret. På grunn av covid-19-pandemien vart dei fleste møta gjennomførte som fjernmøte via Teams. Første møte i 2021 vart leia av varaordførar Jakob Bjelland, ettersom ordførar Gaute Epland var i farspermisjon fram til 1. mars.

Som saksoversikta syner, handsama kommunestyret mange og fleire store saker også i 2021. Av desse kan særskilt nemnast:

- Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland. For Ap har det vore viktig å ivareta mest mogleg av Landåsen ved etablering av ny E39, og gruppa var difor pådrivarar for å setja i gong planarbeidet for å omgjera eksisterande vedtak med veg i dagen tvers gjennom Landåsen.
- Byromsstrategi for Leirvik sentrum. Ap vedtok saman med eit samrøystes kommunestyre strategien for å gjera Leirvik sentrum trivelegare og meir attraktivt. I tillegg vedtok kommunestyret å byggja aktivitetspark utanfor kulturhuset, også det eit viktig sentrumstiltak.
- I september vedtok kommunestyret forprosjekt for ishall på Vikahaugane, eit prosjekt Ap har vore pådrivar for.
- I oktober vart det vedteke å etablere klimabudsjett og rekneskap som oppfølging av kommunen si nullutsleppsmålsetting.
- Budsjettarbeidet vart i 2021 som føregåande år krevjande. Trass i effektiv drift og låge administrasjons- og tenestekostnader er det stadig meir krevjande å leggja fram budsjett i pluss utan å kutta i tenester. Budsjett for 2022 vart såleis lagt fram med marginalt overskot ved bruk av disposisjonsfond. Koalisjonen

samarbeidde godt om budsjett, og fekk med MDG i endeleg vedtak. Det var i 2021 ikkje grunnlag for like breitt fleirtal som føregåande budsjettår.

Samarbeidet i kommunestyregruppa har vore konstruktivt og godt, og det var veldig gledeleg at gruppa vart fulltallig igjen ila året. Samarbeidet i koalisjonen har også vore godt. Mot slutten av året vart varaordførar Jakob Bjelland utnemnd til statssekretær i Samferdselsdepartementet. I samsvar med koalisjonsavtalen var Ap tydeleg på at det er Senterpartiet som skal finna erstattar for Bjelland i eigne rekkjer. Koalisjonssamarbeidet held fram på grunnlag av den felles politiske plattformen som vart utarbeidd etter valet i 2019.

Utval for plan og utvikling

Årsmelding 2021

Ap sine representantar i PUT-utvalet i 2021:

Edgar Inge Damås
Marit Tislevoll Odland
Tore Hatlevik

Talet på referatsaker: 54

20. januar (Fjernmøte via Teams)

PS 1: Rammeløyve og dispensasjon – 27/199 m.fl – Stord folkehøgskule på Grand Hotell PS 2: 46/419 Dispensasjon og opparbeiding av leikeplass, Hatlandsåsen

4. februar (Fjernmøte via Teams)

PS 3: Saksframlegg - Søknad om fasadeendring 33/101 - Takvindu, Kattanesvegen 8 PS 4: Handsaming av klage på avslag - 58/57 - nybygg naust og kai, Vikanesvegen 164 PS 5: Handsaming av klage på avslag - 23/256 - utviding og rehabilitering av Klingenbergekaien PS 6: Planprogram for kommunedelplan for overvatn i Stord kommune, framlegging for høyring PS 7: Strategisk hamneplan, første gongs handsaming

11. mars (Fjernmøte via Teams)

PS 9: Forprosjekt Tilkomstveg til Stordafjellet (Kattnakkvegen) PS 10: Handsaming av klage - 58/57 - nybygg naust og kai, Vikanesvegen 164 PS 11: Handsaming av søknad om tiltak og dispensasjon - 27/1 - Nybygg eld- og bakstehus samt flytting av stabbur, Hystadvegen 6 PS 12: Handsaming av reguleringsendring Grunnavågen industriområde, gnr/bnr 53/3 PS 13: Mellombels dispensasjon - 46/359 - Bruksendring og dispensasjon, Heiane Vest PS 14: Handsaming av klage på avslag - 58/301 - dispensasjon og nybygg garasje PS 15: Løyve til tiltak og mellombels dispensasjon- 66/19 - Båthotell / lager, Sørhuglo 281
--

8. april (Fjernmøte via Teams)

PS 16: Dispensasjon for auka bruksareal for hytte, 9/19 Grovavegen 83 PS 17: 68/3, 68/8 - Dispensasjon frå rekkefølgekrav og byggegrense i reguleringsplan, Otterøyskogen PS 18: Handsaming av klage - 56/181 - Ny støttemur, Podlen 5
--

6. mai (Fjernmøte via Teams)

PS 19: Vedtak av planprogram for Kommunedelplan for overvatn i Stord kommune PS 20: Støyrappport frå Eldøyane næringspark; støymålingar 2020 PS 21: Handsaming av klage - 58/349 - Endring bustad / tilbygg til einebustad, Vikanesvegen 216 PS 22: Avvisning av planinitiativet - Detaljregulering gnr/bnr 28/113 m.fl., Olvikvegen

PS 23: Klage på vedtak - 53/3 - Reguleringsendring for Grunnavågen Industriområde del II

PS 24: Klage på vedtak om avslag - 29/1 - Dispensasjon frå kommuneplanen, Vatnadalen

PS 25: Klage på vedtak - 49/1 - Dispensasjon frå arealføremål, Hornelandsvågen

3. juni

PS 26: Detaljregulering gnr/bnr 27/801 mfl., Natrutekaie - 1.gongshandsaming

PS 27: Handsaming av klage på avslag - 27/162 - Nybygg altanar i 1 etg og 2 etg, Ingebrigtshaugen 6

PS 28: Handsaming av klage - 13/9 - Oppretting av nye tomter, Solhaug

PS 29: Svar på uttale - Forslag til ny forskrift om pyrotekniske artikler på høring

PS 30: Budsjettrevisjon 1 tertial 2021, Vatn og avlaup, investeringar, gebyrinntekter, handlingsplan

PS 31: Strategisk hamneplan Stord kommune 2021-2030

PS 32: Årsrekneskap 2020 - Stord hamnestell

PS 33: Rammesøknad - dispensasjon - 41/3 og 41/183 - Nybygg Stord kristne skule, Bandadalen 100, Vabakken nord

24. juni

PS 34: Saksframlegg - 55/123 - Riving og nybygg av fritidsbustad, ny tilkomstveg samt VA-anlegg, dispensasjon - Valvatnavegen 1

PS 35: Detaljregulering for gnr/bnr 40/5, Verftsområdet - 2.gongshandsaming

PS 36: Klage på vedtak - 57/36 - Oppretting av ny grunneigedom, Nysæterneset

PS 37: Høyingsinnspel til Vestland vassregion - 2020/35240

PS 38: Detaljregulering gnr/bnr 43/187 m.fl., Langeland skule - 2.gongshandsaming

9. september

PS 39: Kommersiell utleige av elsparkesyklar i Stord kommune

PS 40: Avslag - 23/62 - Tilbygg einebustad og riva carport, Øklandsvegen 35

PS 41: Klage på avslag - 28/3 - Oppretting av nye bustadtomter, Ådlandsvegen 171 - 175

PS 42: Handsaming av klage - 48/6 og 48/3 - Adkomstveg / veg, Grindavikjo 43

PS 43: Handsaming av klage - Detaljregulering gnr/bnr 43/187 m.fl., Langeland skule

PS 44: BYGGJEREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT - 1509

PRESTAGARDSSKOGEN NYTT KUNSTGRASDEKKE

PS 45: Trafikksikringsplan for Stord kommune 2021 - 2025

7. oktober

PS 46: Avslag - 46/145 - Permanent plassering av salsbod, Svartadalen 1

PS 47: 21/1 festnr. 3 - Riva eksisterande studenthybler og nybygg studentbustad, Osahaugen 22, 24, 26

PS 48: 51/3 - Oppretting av ny grunneigedom og dispensasjon, Føyne 106

11. november

PS 50: Avslag - 45/6 - Tiltak i sjø, mudring - Sæbøvegen 24 / Krenkelsneset

PS 51: Klage på vedtak - 27/59 - Arealoverføring til 27/335, Prestlio

PS 52: 27/3, 27/42 og 27/565 - Nytt anlegg, konstruksjon og parkeringsplass, dispensasjon

PS 53: Dispensasjon for etablering av flytebrygge og lagerflåte frå Skottabergkaien - 39/21

PS 54: Detaljregulering gnr/bnr 27/801 mfl., Natrutekaie - 2.gongshandsaming

PS 55: Overtaking av Holevegen som offentlig drifta kommunal veg
PS 56: Årsbudsjett 2022, økonomiplan 2022 -2025 Stord hamnestell
PS 57: Årsbudsjett 2022, økonomiplan 2022-2025 vassforsyning og avlaup
PS 58: Fjerning av Lønningsåsen dam
PS 59: Fjerning av Lapptjørn dam

9. desember (Fjernmøte via Teams)

PS 60: Detaljregulering gnr/bnr 27/94, 27/544 m.fl., Hystadvegen - 1.gongshandsaming
PS 61: Områderegulering gnr/bnr 26/1 mfl., Hystadgardane - 1.gongshandsaming
PS 62: Avvising av forslag til ny detaljregulering for del av gnr/bnr 58/2, Vikanes - Limbuvik II
PS 63: Handsaming av klage - Detaljregulering for gnr/bnr 40/5, Verftsområdet
PS 64: 21/1 festenr. 3 - Klage på vedtak om å riva eksisterande studenthybler og nybygg studentbustad, Osahaugen 22, 24, 26
PS 65: Lokal forskrift for utleie av små elektriske kjøretøy i Stord kommune
PS 66: Strategi for utvikling av indre Leirvik hamn
PS 67: Detaljbudsjett utval for plan og utvikling 2022, Økonomiplan 2022-2025

Utval for plan og utvikling har gjennomført 11 møter og behandla 67 politiske saker i løpet av 2021. Gitt pandemisituasjonen har fleirtalet av utvalsmøta blitt gjennomført via Teams og som en følgje av det, har det også i år vert mindre bruk av synfaring i forbindelse med politisk behandling, utan at det har gått utover den politiske behandling av sakene. Fleire medlemmer i utvalet har gjennomført synfaring på eige initiativ.

Ap sine tre faste representantar har i perioden vært Edgar Damås, Tore Hatlevik og Marit Tislevoll Odland. Ved fråvær har representanten Sigurd Sævareid frå oss møtt. Dette har bidratt til ein god balanse i posisjonen ved avstemming.

Av politiske saker som er behandla i utvalet i 2021 vil me trekke frem saker som har fått ekstra fokus gjennom media og debatter i utvalet:

- Budsjett og planarbeid / investering innanfor Stord kommunalteknikk
- Bevaring - riving – vedlikehald av damanlegg på Litlabø og Lønningsåsen
- Riva eksisterande studenthybler og nybygg studentbustad, Campus Høgskolen på Rommetveit

I desse sakene har Stord Arbeidarparti vert tydeleg i sine standpunkt og me meiner at disse sakene vil ha stor betydning for mange. Ei sikker vannforsyning med godkjent vann og avløp system i henhold til gjeldande krav, gode og flotte tur og rekreasjonsområder og ein attraktiv høgskule med høg standard på campus vil gagne alle i Stordsamfunnet inn i framtida.

Koalisjonen har stått samla i de fleste saker i løpet av 2021. Vedtaka i utval for plan og utvikling har også i år vært preget av stor grad av konsensus, utvalet jobbar godt saman og finner fram til gode løysningar og vedtak, uavhengig av politisk ståstad og til det beste for innbygarane i Stord kommune.

Utval for oppvekst og kultur

Årsmelding 2021

Ap sine representantar i OKU-utvalet i 2021:

Britt Nelly Hystad Barane, nestleiar

Arnfinn Saue (fekk fritak i oktober og vart erstatta av Per Jan Ingebrigtsen)

Bente Bjelland

Talet på referatsaker: 56

2. februar (Fjernmøte via Teams)
PS 1: Mandat for strategi for digitalisering i grunnskulen
PS 2: Salutt 17. mai
9. mars (Fjernmøte via Teams)
PS 3: Finansiering møteplass ved kulturhuset
PS 4: Koronasituasjonen, konsekvensar av smitteverntiltak, kartlegging og tiltak
PS 5: Friluftsrådet Vest – val av nytt styremedlem
4. mai (Fjernmøte via Teams)
PS 6: Tettare samarbeid mellom kulturskulen og skulane
1. juni
PS 7: Analyse av faktorar som kan ha innverknad på resultata til skulane i Stord kommune
PS 8: Tilstandsrapport for einingane i oppvekst og kultur i Stord 2020/2021
PS 9: Kulturmidlar 2021 - generelt driftstilskot
PS 10: Geopark Sunnhordland - søknad om driftsmidlar
PS 11: Den norske filmfestivalen - Samarbeidsavtale og økonomisk bidrag
PS 12: Målprisnemda - endring av politisk representant
PS 13: Samarbeidsutvala til grunnskulane - endring
PS 14: Samarbeidsutvalet for Sagvåg og Litlabø barnehage - ny vara
7. september
PS 15: Årsrekneskap og årsmelding 2020 Stord kommune
PS 16: Koronastøtte til lag og organisasjonar
PS 17: Uttale til Storberget-utvalgets rapport "Du er henta!"
12. oktober
PS 18: KULTURPLAN - OPPSTART AV KOMMUNEDLPLANARBEID OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAM
PS 19: Tilstandsrapport om dagens kunstgrasbanar med granulat
PS 20: Kartlegging av konsekvensar av smitteverntiltaka i Stord kommune
PS 21: Forslag om å oppretta eit prosjekt for auka organisert aktivitet blant barn og unge, forslag til omdisponering av løyving
PS 22: Kulturprisen 2021

9. november

PS 23: GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FRILUFTSRÅDET VEST OG MEDLEMSKOMMUNANE ETTER NY KOMMUNELOV

PS 24: Læreplan Kunnskapsløftet 2020 og MOT-program i ungdomsskulane

PS 25: Digitalisering i Stordskulen

PS 26: Samarbeidsutvala til grunnskule og barnehage - endring

PS 27: Kulturstipend 2021

PS 28: Målprisen 2021

PS 29: Eldsjelprisen for 2021

PS 30: Kulturprisen 2021

7. desember

PS 31: Læreplanverket LK20 og arbeid med entreprenørskap i grunnskulane

PS 32: Høyringssvar til framlegg til ny opplæringslov og endringar i friskulelova

PS 33: Koronastøtte til lag og organisasjonar som har aktivitetstilbod retta mot born og unge

PS 34: Søknad kortvarig utviding av lånesaldo i fond for lag og organisasjonar, Stord Hestesportsenter

PS 35: Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Stord 2015 - 2025 - prioritering av spelemiddelsøknadar 2021

PS 36: Detaljbudsjett utval for oppvekst og kultur 2022, Økonomiplan 2022-2025

PS 37: Nye Nysæter ungdomsskule - klatrehall

I 2021 var det 37 politiske saker og 56 referatsaker handsama i utval for oppvekst og kultur.

Saker som må nemnast er også i år av bygging av nye Nysæter ungdomsskule med alle opsjonar. Nye Nysæter ungdomsskule med idrettsanlegg og symjehall er ei stor investering som vil vise godt attende og styrke både skule og idrett i området Sagvåg, samt resten av kommunen. I 2021 vart klatrehall inkludert i budsjettet for 2022 slik at dette kjem i saman med resten av idrettsanlegget. Bygget tek no form og utvalet har vært på synfaring. Bygget skal etter planen stå ferdig hausten 2022 og klart for bruk ved årsskiftet 2022/2023.

Skatepark og møteplass med kulturhuset er ei av sakene som har vært oppe i år, og det er gledelig å sjå aktiviteten skateparken har blant born og unge.

Det er tildelt prisar også i år til fleire lokale personar som bidreg positivt inn i Stord samfunnet.

Arbeidarpartiet har og kjempa for koronamidlar til lag og organisasjonar knytt til aktivitetar for born og unge som har vært råka av korona når det gjeld tapte inntekter, rekruttering og aktivitet.

Utval for rehabilitering, helse og omsorg

Årsmelding 2021

Ap sine representantar i RHO-utvalet i 2021:

Tarjei Aamot Haga, leiar
Susan Abdallah, nestleiar
Inger Johanne Moe

Talet på referatsaker: 53

3. februar (Fjernmøte via Teams)

PS 1: Ny vurdering av eige produksjonskjøkken

PS 2: Tilsynsutvalet for Stord sjukeheim, Knutsåsen omsorgssenter og Stord kommunale rehabiliteringssenter – val av nytt medlem etter Marita Vassnes (Ap)

PS 3: Høyringsuttale – Regional plan for TSB 2021

10. mars (Fjernmøte via Teams)

PS 4: Partnerskapsavtale mellom NAV Vestland og Stord kommune

PS 5: Tiltak for å rekruttera og behalda sjukepleiarar i heimebaserte tenester i Stord kommune
--

7. april (Fjernmøte via Teams)

PS 6: Tiltak for å rekruttera og behalda sjukepleiarar i heimebaserte tenester i Stord kommune - tilleggsgutgreiing

2. juni

PS 7: Fastlegeordninga – tiltak for rekruttering av legar m.m.
--

PS 8: Byggjerekneskap for investeringsprosjektet Dagaktivitetssenter Sæbø gard
--

PS 9: Høyringssvar – Forslag til forskrift om løysning for tilgjengeleggjering av helsedata Helseanalyseplattforma og Helsedataservice
--

8. september

PS 10: Heildøgnsstilbod for personar med ROP liding

PS 11: Årsrekneskap og årsmelding 2020 Stord kommune
--

6. oktober

PS 12: Ny vurdering av eige produksjonskjøkken ved institusjonane

PS 13: Høyringssvar – Endringar i pasientjournallova mv. – nasjonal digital samhandling til beste for pasienter og brukarar

PS 14: Tilsynsutvalet for Stord sjukeheim, Knutsåsen omsorgssenter og Stord kommunale rehabiliteringssenter – val av nytt medlem etter Ingrid Jordåen (SP)
--

10. november

Open høyring med lag og organisasjonar om forslag til budsjett for 2022 innanfor RHO-området.

8. desember

PS 15: Detaljbudsjett utval for rehabilitering, helse og omsorg, Økonomiplan 2022-2025

I løpet av 2021 har utval for rehabilitering, helse og omsorg igjen handsama saka om eige produksjonskjøkken for institusjonane våre. Arbeidarpartiet fekk gjennomslag for å få belyst saka ytterlegare og saka vil komme opp igjen i 2022.

Utvalet har i 2021 også handsama saker som omhandlar rekruttering av sjukepleiarar og fastlegar i Stord kommune. Den nasjonale sjukepleiarmangelen og fastlegekrisa gjer det også krevjande for Stord kommune å rekruttere nok helsepersonell. Utvalet har gjort tiltak som me vonar gjer det lettare for kommunen å rekruttere i desse yrkesgruppene.

Budsjetthandsaminga for 2022 var ikkje like dramatisk for RHO-området som dei føregåande åra, likevel var det viktig for Stord Arbeidarparti å styrke budsjettet på RHO-området i høve rådmannens forslag til budsjett. Det fekk me til med våre koalisjonspartnarar og me fekk styrka heimebaserte tenester med kr 2.000.000, Stord sjukeheim med kr 500.000, Knutsåsen omsorgssenter med kr 500.000 og me løyva kr 300.000 som rådmannen fekk fullmakt til å disponere innanfor RHO-området.

Som følge av koronasituasjonen har møta i utvalet vore ei blanding av fysiske møte og via Teams. Med erfaringa me gjorde oss med dette i 2020 har dette fungert godt og utvalet har hatt stabilt oppmøte av dei faste representantane.

Arbeidarpartiet sine faste representantar har stilt på samtlege møter, og har samarbeida godt i utvalet ilag med våre koalisjonspartnarar i Senterpartiet og KrF.

Inger Johanne Moe vart i oktober vald inn som nytt medlem i tilsynsutvalet for institusjonane våre, og har saman med Susan Abdallah fleire gongar vore på besøk på Knutsåsen omsorgssenter og fått smake maten som vert servert bebruarane.

Sak 6: Rekneskap 2021

REKNESKAP STORD ARBEIDARPARTI 2021

Inntekter	2021
7410 Medlemskontingent	27 006,00
7450 Støtte frå organisasjonar	10 000,00
3400 Offentleg tilskot	67 431,83
3910 Refusjoner	21 162,00
8040 Renteinntekter	342,00
Sum inntekter	125 941,83

Utgifter	2021
6390 Administrasjon	12 172,00
7320 Utstyr/materiell	43 094,35
7340 Annonsering og valkamp	16 161,79
7140 Reiseutgifter	9 064,00
7160 Gåver/helsingar	3 335,00
6860 Møter og arrangement	43 521,79
8140 Renter og gebyrer	94,50
Sum utgifter	127 443,43

Resultat	2021
Inntekter	125 941,83
- Utgifter	127 443,43
= Resultat 2021	-1 501,60

Balanse	2021
Inngående saldo 01.01.2021	119 883,09
Resultat 2021	-1 501,60
Sum inngående saldo + resultat	118 381,49
 Bankbeholdning per 31.12.2021	 118 381,49

Rekneskapet er revidert og godkjent av revisorane Britt Reksnes og Amram Hadida.

Sak 7: Innkomne saker

Forslag 1:

Forslagsstiller: Lene Pilskog

Økt satsing på kortreist bærekraftig bioenergi

Forslag:

Det grønne skifte krever mer fornybar energi og en offensiv sirkulærpolitikk for å utvikle og ta i bruk mer bærekraftig bioenergi. Myndighetene må fjerne statlige barrierer for økt produksjon av biogass og sørge for:

- at biogass likebehandles med nullutslippsteknologier som elektrisitet og hydrogen
- at det blir etablert en fylleinfrastruktur langs de viktigste godslinjene både til lands og sjø.
- at bærekraftig biogass bør få samme fritak som lavutslipps kjøretøy i bomringer
- Enovastøtte til merkostnader knytt til skip og tungtransport.
- På Vestlandet må det snarlig etableres et forbehandlingsanlegg for matavfall slik at matavfall kan behandles i lokale biogassanlegg.

Begrunnelse:

Biogass produseres av organisk avfall og husdyrgjødsel og består i hovedsak av metan. Ved forbrenning dannes CO₂ og vann. Biogass kan utnyttes til å produsere strøm, varme og drivstoff og biogassbransjen i Norge har en ambisjon: 10 TWh på 10 år

RENEVO Biogass på Stord vil kunne produsere 60 GWh og 4000 tonn flytende CO₂ basert på husdyrgjødsel og fiskeensilasje. Bioresten fra produksjonen vil bli gjødsel- og jordprodukt og RENEVO har ambisjoner om å bygge 10 biogassanlegg i Norge. Anlegg nr 2 er under planlegging og vil bli oppført i Etne kommune. Aktuelle råstoffer for fremtidige anlegg: husdyrgjødsel, fiskeensilasje, fiskeslam, matavfall og avfallsslam

I et livssyklusperspektiv er biogass bedre enn nullutslipp, og må derfor sidestilles med nullutslipp energibærere som elektrisitet og hydrogen i offentlige dokumenter, anbud og prioriteringer. Biogassanlegg blir stadig mer effektive, men det vil fortsatt være behov for investeringsstøtte i en tid fremover (ENOVA). Markedet for biogass er overmodent for tungtransport og deler av skipstrafikken, men mangler fylleinfrastruktur. Det er

fortsatt behov for økonomiske insentiv for å velge biogass framfor fossilt drivstoff for å konpensere for merkostnader ved investering.

Matavfall fra Vestlandet, og fiskeensilasje fra norsk fiskeribransje, blir i dag fraktet til Danmark og Sverige for behandling i biogassanlegg der. For at biogassanlegg skal kunne ta imot matavfall må matavfallet igjennom et forbehandlingsanlegg for bl.a. fjerning av plast. Fiskeensilasje kan behandles direkte i et biogassanlegg.

Styrets innstilling: Oversendes årsmøte i Vestland Ap

Forslag 2:

Forslagsstiller: Sigurd Sævareid, Amram Hadida, Finn Madssen, Roger Sæverud Sagvåg

Forslag til uttalelse:

Stord Arbeidarparti stiller bak kravene til industriaksjonen om bedre rammevilkår for Norsk Industri.

Vi støtter opp om kravet om politisk kontroll over strømprisene.

Høsten 2021 og vinteren 2022 har vist oss at forvaltninga av en så samfunnskritisk ressurs som strømmen ikke kan overlates til markedskreftene.

El krafta i Norge ble bygget ut for å sikre industrien og forbrukere billig og stabil strømforsyning og vi har ofret deler av vår felles natur for dette.

Politikerne må nå vise handlingskraft og lytte til fagbevegelse, lokale organisasjoner og næringsliv.

Vi trenger strakstiltak og en langsiktig endring i forvaltninga av kraftressursene som sikrer landets næring og industri, samt innbyggere tilstrekkelig med rimelig ren kraft. Det settes stadig nye rekorder på både timepris og dagpris. Konsekvensene kan bli omfattende på lengere sikt.

Naturressursene og billig kraft er vårt viktigste konkurransefortrinn. Nå ser vi at vannkrafta er blitt ett spekulasjonsobjekt på børse. Hvem er det som taper på dette? Det er industrien, næring, velferdsstaten, vanlige folk, landbruket, bedriftene, osv.

Vannkrafta skal ikke eksporteres ut som en råvare til høyest pris. Krafta skal videreføres til metaller og industriprodukter, for så videre eksporteres!

Dette krever politisk styring fremfor full markedsliberalisme som i dag. Dette må regjeringen, folkevalgte og myndigheter nå ta et oppgjør med.

Stord Arbeidarparti krever politisk handling NÅ.

Styrets innstilling: Stør intensjonen i forslaget. Ber om fullmakt til å bearbeide teksten og utarbeide felles uttalelse ut i frå forslag 2 og 3. Oversendes Stortingsgruppa til Ap og årsmøte i Vestland Ap.

Forslag 3:

Forslagsstiller: Styret i Stord Ap

Forslag:

Stord Arbeidarparti meiner det må innførast ein makspris på straum for normalt og nødvendig forbruk.

Stord Arbeidarparti meiner at den norske straumproduksjonen må aukast i tida framover gjennom oppgradering av eksisterande vasskraftverk og havvind. Elektrifisering av sokkelen må i størst mogleg grad skje gjennom havvind.

Grunngjeving:

Straumen er vår felles ressurs eigd i all hovudsak av fellesskapet gjennom stat og kommunar.

Straumkrisa har synt alvorlege brister ved dagens straummarknad og -system. Dei svært høge prisane rår folk, organisasjonar og bedrifter. Verst råka er dei som har minst frå før. For å gje vanlege folk, frivilligheit og næringsliv føreseielegheit og tryggleik for at ein har råd til å betala straumrekninga, må det innførast ein makspris på straum i Noreg. For å sikre at ein framleis har insentiv til å spara, bør maksprisen gjelda nødvendig og normalt forbruk, og ikkje evt forbruk ut over det. Ein mogleg modell kan vera 50 øre/kwt for inntil 3000 kwt i månaden. Dette må utgreiast nærare av energikommisjonen.

Ettersom stadig fleire samfunnsområde framover skal elektrifiserast, er den langsiktige løysinga på straumkrisa også å byggja ut kraftproduksjon så raskt som mogleg fortrinnsvis gjennom oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk, og utbygging av havvind. Elektrifisering av sokkelen må i størst mogleg grad skje gjennom havvind, som også kan verta ein viktig marknad for den norske leverandørindustrien etter kvart som oppdraga innan olje og gass framover vert færre.

Styrets innstilling: Ber om fullmakt til å bearbeide teksten og utarbeide felles uttalelse ut i frå forslag 2 og 3. Oversendes Stortingsgruppa til Ap og årsmøte i Vestland Ap.

Forslag 4:**Forslagsstiller: Styret i Stord Ap**

Tema: Nattferje mellom Kvinnherad, Tysnes og Stord.

Forslag: Stord Arbeidarparti ønskjer å få attende nattferja mellom Ranavik (23.45), Hodnanes (00.20), Jektevik (00.30) med retur Jektevik (00.40), Hodnanes (00.50) og attende til Ranavik (01.25)

Grunngjeving: Nattferja mellom disse tre kommunane er viktig for kulturlivet i Sunnhordland. Denne ferja gjer at folk kan ta del i eit felles kulturtilbod.

Styrets innstilling: Oversendes fylkestingsgruppa og årsmøte i Vestland Ap**Forslag 5:****Forslagsstiller: Styret i Stord Ap**

Forslag:

Gode samferdsleløyisingar er ein del av det grønne skiftet

Arbeidarpartiet meiner at gode samferdsleløyisingar er ei forutsetning for at Vestland fylke kan ha ei førarrolle i det grønne skiftet. Utan samferdsleløyisingar som sikrar rask og trygg transport både på langs og på tvers i fylket vårt så vil næringslivet vårt stille med eit handikap når ein skal utvikle nye næringar. Like viktig er dei nasjonale transportkorridorane både nord-sør og aust-vest. Arbeidarpartiet vil arbeida for å realisere rastryggingstiltaka som finns i Vestland, samstundes vil ein arbeide for å forbetre ferjeavløysingsordninga slik at denne kan få fortgang i effektive og gode ferjeavløysingsprosjekt. Ferjestrekningar er eit klart hinder for å ha gode bu- og arbeidsregionar, og skal ein klare å ha nok arbeidskraft til dei nye grønne næringane som skal vekse fram, er ein nøyd til å erstatte fleire av desse med bru eller tunnel.

Arbeidarpartiet meiner at om Vestlandet skal lukkast i det grønne skiftet så må ein også prioritere dei store nasjonale transportkorridorane slik at varer frå Vestland raskt og effektivt kjem fram til mottakarar både nasjonalt og internasjonalt.

Styrets innstilling: Oversendes årsmøte i Vestland Ap

Sak 8: Budsjett 2022**BUDSJETT 2022 STORD ARBEIDARPARTI**

	INNTEKTER	UTGIFTER
Kontingent	20 000,00	
Offentleg støtte	57 000,00	
Administrasjon		15 000,00
Reiser og møter		30 000,00
Lokale møter og arrangement		15 000,00
Utstyr/materiell		4 000,00
Gåver og helsingar		3 000,00
Renter og gebyr	300,00	300,00
SUM	77 300,00	67 300,00

Sak 9: Val

Valkomiteens innstilling vert presentert i møtet.